

Reguleringsplan:

**"Brautasvingen – gangveg langs rv. 652 på Lauvstad".**

Reguleringsplan er i samsvar med reglane i plan og bygningslova § 27- 2 eigengodkjent av Volda kommunestyre i sak PL 0043/06, den 01.06.2006, slik det framgår av dette kartet.

Volda den 20.06.2006

For adm.sjefen, - Per Heltne



**VOLDA KOMMUNE**  
n. Samordnings- og utviklingsstaben

## Gangveg på Lauvstad i Volda kommune

### REGULERINGSFØRESEGNER

Vedtatt 1. juni 2006 (sak K 0043/06)

Reguleringsplanen er laga for å få formelt grunnlag for bygging av gangveg på innsida av ei om lag 400 m lang strekning av riksveg 652 på Lauvstad. Det regulerte området omfattar riksvegen, med gangveg på innsida og nødvendige vegskråningsareal. Reguleringsplanen viser ikkje byggjegrænse langs riksvegen. Byggjegrænse er derfor fastlagt gjennom §29 i Veglova og er 50 m frå midten av riksvegen.

#### § 1 REGULERINGSFØREMÅL

Det regulerte området er på reguleringskartet vist med reguleringsgrense. Arealet innafor denne grensa er regulert til:

- |    |                            |   |
|----|----------------------------|---|
| I  | Offentleg<br>trafikkområde | - køyreveg<br>- gangareal<br>- anna trafikkområde |
| II | Spesialområde              | - privat avkjørsle                                |

#### § 2 FELLES FØRESEGNER

1. Det er ikkje tillate å leggje andre kryss eller avkjørsler frå riksvegen enn dei som er viste på plankarta.

#### § 3 OFFENTLEG TRAFIKKOMRÅDE


1. I trafikkområda skal det byggast bilveg, gangveg, vegskråningar, murar m.m. som vist på planen. Mellom gangvegen og bilvegen skal det settast opp rekkverk.
2. I regulert veggrunn er det ikkje lovleg med andre anlegg eller innretningar enn dei som er nødvendige for drift og vedlikehald av vegen.
3. Drensvatn frå gangvegen og frå oversida av riksvegen skal samlast opp i lukka dreneringssystem og førast til sjøen på ein slik måte at det ikkje gjer skade på marka nedanfor.
4. Terrenginngrep i samband med vegaanlegget skal skje mest mogleg skånsamt.

Reguleringsplan:

**"Brautasvingen – gangveg langs rv. 652 på Lauvstad".**

Reguleringsplan er i samsvar med reglane i plan og bygningslova § 27- 2 eigengodkjent av Volda kommunestyre i sak PL 0043/06, den 01.06.2006, slik det framgår av dette kartet.

Volda den 20.06.2006

  
For adm.sjefen, - Per Heltne, planleggjar  
e.f.m.



**VOLDA KOMMUNE**  
Samordnings- og utviklingsstaben

5. Krav til "universell utforming" skal oppfyllest ved utforming av overganger mellom gangveg og køyreveg.

## § 4 GENERELT

1. Etter at reguleringsføresegnene er vedtekne er det ikkje lov å inngå privatrettslege avtalar som er i strid med desse føresegnene.
2. Ved sida av reguleringsføresegnene gjeld vedtektene i Plan- og bygningslova med forskrifter og bygningsvedtekter i Volda kommune.
3. Når særlege grunnar talar for det, kan planutvalet godta mindre vesentlege endringar av reguleringsplanen innfor ramma av bygningslovgjevinga og bygningsvedtektene i kommunen.
4. Innafor det trafikkarealet som er regulert til riksveg og gang-/sykkelveg kan mindre vesentlege endringar som følgje av tekniske forhold i gjennomføringsperioden gjerast av regionvegkontoret, jf. plan- og bygningslova § 28-1.